



Seljord

Helse og omsorg

Beredskapsplan for miljøretta helsevern

Seljord kommune



Innholdsfortegnelse

1. PLANFØRESETNADER.....	4
KVIFOR EIN BEREDSKAPSPLAN?.....	4
PRINSIPP FOR BEREDSKAP;.....	5
2. BEREDSKAPSPLAN VED AKUTTE HENDINGAR.	6
A. DAGLEG ANSVAR FOR TENESTA	6
B. FØREBYGGING.....	6
C. KVA KAN SKJE AV ALVORLEGE HENDINGAR MED AKUTT PÅVERKNAD AV HUMAN HELSE PÅ DETTE FELTET I VÅR KOMMUNE? ..	6
D. VIKTIGE FAGMILJØ FOR RÅDGIVING.....	7
E. PLAN FOR IVARETAKING AV HELSA TIL FOLK VED AKUTTE HENDINGAR.....	7
3. KRISEPLAN.....	8

Dato:	Revisjonsdato:	Endring:	Godkjent av:
17.11.2022		NY - Beredskapsplan for miljøretta helsevern	Kommuneoverlege Kine Jordbakke
08.12.2022		Kommunestyrets vedtak	Kommunestyret sak 98/22





Seljord

1. Planføresetnader

Kvifor ein beredskapsplan?

[Folkehelselovens § 28](#) pålegg kommunen å ha ein beredskapsplan på dette feltet.

Førearbeida til Folkehelseloven seier bl.a.: "Ved miljøhendelser som kan representere en trussel for befolkningen bør det derfor innføres en meldings- og varslingsplikt fra den instans i kommunen som ivaretar oppgavene innen miljørettet helsevern til Nasjonalt folkehelseinstitutt." Og: "Kommunen må dermed som en del av sitt beredskaps- og planarbeid vurdere behov for eksempelvis samfunnsmedisinsk kompetanse, og annen kompetanse på kommunalt nivå for oppdagelse og lokal håndtering av kjemikaliehendelser og andre beredskapssituasjoner." Akutte miljø-/kjemikaliehendingar med påverknad av human helse har fått en stor plass i førearbeida til loven.

Føremål med helseberedskap er å kunne verne liv og helse og gi nødvendig helsehjelp også under kriser. I denne samanhengen dreiar det som å kunne iverksetje strakstiltak iht. §§ 14 og 16 (retting, stansing) i Folkehelseloven.

Risiko er kombinasjonen av kor sannsynleg det er at ei krise skal oppstå og konsekvensane om så skjer.

Risiko- og sårbarheitsanalyse er ei systematisk kartlegging av risiko og sårbarheit som grunnlag for risikoreduksjon gjennom beredskapsplanen og beredskapen.

Risikoreduksjon (risikostyring) er gjennomføring av tiltak for å redusere anten sannsynet for eller konsekvensane av ei krise.

I denne samanhengen vil **skadeførebyggjande** tiltak vere:

Kommuneoverlegen/miljøretta helsevern sitt tilsyn med bedrifter, innspel om helseomsyn i planarbeid, innspel om helseomsyn ved gjennomføring av større utbyggingsprosjekt osv. Altså redusere sannsynet for at kriser skjer.

Skadeavgrensande tiltak blir sett inn mot konsekvensane av ei krise før eller under krisa for å redusere skadene.



Seljord

Kriseresponsen er i denne sammenhengen dei vedtaka som blir fatta der og då i krisa iht. §§ 14 og/eller 16 i Folkehelseloven, og gjennomføring av desse, evt. med hjelp av politiet. Grunnlaget for dette vil som oftast vere den kompetansen som finst omkring objekta/verksemdene i kommunen på førehand, samt forståing av kva påverknad hendinga har for human helse og vedtaksmynde i hastesaker.

Sårbarheit er den evna systemet har til å fungere og nå måla sine mål under påkjenningar.

Prinsipp for beredskap;

- **Ansvarsprinsippet;** ein har ansvar for dei same oppgåvene som ein har i normalsituasjonen. Prinsippet er sentralt i norsk beredskap og er tydeleg uttrykt i helseberedskapsloven § 2-1. Fordelane med prinsippet er at ansvarsfordelinga er tydeleg, dei ansvarlege kan dra nytte av erfaringar frå mindre, daglegdagse hendingar. Det er dei som kjenner fagfeltet til dagleg som også er dei beste til å handtere det uvanlege, ein slepp å byggje opp fleire kompetansemiljø.
- **Likskapsprinsippet;** den organisasjonen ein operer med under kriser skal vere mest mogeleg lik den organisasjonen som ein har til dagleg.
- **Nærleiksprinsippet;** kriser skal organisatorisk handterast på lågast mogeleg nivå. Dette er ikkje til hinder for at kommunens personell i ein krisesituasjon skal kunne samarbeide med Folkehelseinstituttets beredskapsorganisasjon og evt. Fylkeslegen i ein akutt situasjon.
- **Samvirkeprinsippet;** alle aktørar har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogeleg samvirke med andre relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandteringa



2. Beredskapsplan ved akutte hendinger.

A. Dagleg ansvar for tenesta

(samfunnsmedisin/miljøretta helsevern) i denne samanhengen er iht.

1. Folkehelseloven <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>
2. Helseberedskapsloven <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-06-23-56>
3. Forskrift om miljørettet helsevern <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-04-25-486>

B. Førebygging

1. Tilsyn med verksemdene, evt. pålegg om retting før hendingar skjer.
2. Samarbeid med andre etatar som vegvesen, brann og redning, mattilsynet, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap(DSB).
3. Planarbeid, deltaking frå helsestyringsmakta, slik at areal - og reguleringsplanar blir utforma slik at evt. hendingar får minst mogeleg effekt på folkehelsa.
4. Øvingar på krisehendingar, der kommuneoverlegen også er med.

C. Kva kan skje av alvorlege hendingar med akutt påverknad av human helse på dette feltet i vår kommune?

1. Må først og fremst sjåast iht. kommunen sin generelle ROS-analyse.
2. Ulykke med transport av farlege, evt. eksplosive, kjemikaliar til/frå industriell verksemd i kommunen eller ved transport gjennom kommunen.
3. Akutt utslepp til luft og vatn av kjemikaliar frå industriell verksemd.
4. Brann i verksemdar der farleg gass o.a. forureining blir utvikla og spreidd.
5. Akutt forureining av drikkevatt.
6. Eksplosjon i sprengstofflager
7. Utslepp frå gjødselkjellarar (gasseksplosjon og avrenning)
8. Skogsprøyting (glyfosat)
9. Kunstgjødsellager
10. Slamlagring og spreiding
11. Radon i innelima og drikkevatt

Nemnde scenarie vil som oftast krevje akutte tiltak mht. fagleg toksikologisk analyse av situasjonen og vedtak som retting og/eller stenging av verksemda iht. §§ 28, 14 og 16 i Folkehelseloven.

D. Viktige fagmiljø for rådgiving

○ Folkehelseinstituttet.	21076348 (smittevern vakt)
	95214993 (mikrobiol. vakt)
○ Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	33371000
○ Legevakt	116117
○ Sykehuset Telemark(STHF)	35003500
○ AMK	33343500, 113
○ Politiet	33029500, 112
○ Brannvesenet	33003600, 110
○ Mattilsynet region Øst	22400000
○ Veterinærinstituttet	03789
○ DSB	48212000
○ Miljødirektoratet	73580500
○ Sivilforsvaret	48159830

E. Plan for ivaretaking av helse til folk ved akutte hendingar.

I henhold til ansvars- og nærleiksprinsippet er det den tenesta som har ansvar i normalsituasjonen, som også skal ha ansvaret ved kriser.

Kompetansebehov i ei krise: personell som både har fagleg kompetanse til å analysere alvoret i situasjonen og effekten på human helse, og formell kompetanse til å fatte hastevedtak iht. Folkehelselovens §§ 14 og 16.

I Seljord kommune er det teknisk hygieniske arbeidet organisert under programområdet for samfunnsutvikling og drift. Personellet her samarbeider med kommuneoverlegen ved behov. Det faglege kompetanseområdet til teknisk hygienisk personell er delvis overlappende, men det er samfunnsmedisinarane som har den nødvendige kompetansen på ytre miljøfaktorar sin effekt på human helse ved f.eks. akutte forgiftingar ved forureinsing og legionellautbrot. I tillegg er det kommunens samfunnsmedisinarar som har den formelle vedtakskompetansen i hht. Folkehelseloven.

3. Kriseplan

1. Varsling: Skjer i samsvar med overordna kriseplan og tiltakskort.
2. Kriseleiing:
Kriseleiinga vil bli sett opp avhengig av kva slags krise og omfanget av krisa jf. overordna beredskapsplan.

I kriser av denne typa vil kommuneoverlegen sin kompetanse og dei vurderingane som blir gjort på staden, samt etter evt. konferanse med Folkehelseinstituttet, Statsforvaltaren, Politiet, STHF, vere viktige i den vidare handteringa av krisa.
3. Avhengig av type hendingar vil tiltak kunne vere: (jf. overordna plan med tilhøyrande tiltakskort)
 - Vurdering av helsefare, evt. i samråd med Folkehelseinstituttet, Statsforvaltaren og STHF.
 - Evakuering i samråd med politi og brannvesen.
 - Vedtak iht. Folkehelseloven om akutt retting og eller stenging av verksemd som er årsak til hendinga.
 - Handtering av skadde og døde.
 - Etablering av evakueringslokal.
 - Driftsomlegging av sjukeheim, helsestasjon, legekontor.
 - Krisekommunikasjon skal ivaretakast av kriseleiinga
 - Etablering av pårørandesenter(EPS).
 - Etablering av kriseteam.
 - Rapportering til Statsforvaltaren.
4. Informasjonsarbeidet skal takast i vare av kriseleiinga eller den dei set til det. Råd og rettleiing skal kanalisert til fagpersonell i tenestene.
5. Evaluering i etterkant i regi av kriseleiinga med rapport til fylkesmannen.
6. Ressursoversikt finst i overordna beredskapsplan

